



VOSS KOMMUNE
Kommunestyret

NVE

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
14/912-9 3670/15	STA	GBE	S11		23.03.2015

UTTALE TIL SØKNAD OM SMÅKRAFTVERK MØYÅNI I VOSS

Kommunestyret behandla i møte 19.03.2015 sak 13/15.
Det vart gjort følgjande

Vedtak:

Voss kommune er positive til Nordkraft Vind og Småkraft AS sine utbyggingsplanar for småkraftverk, og vil tilrå ei utnytting av vasskraftressursane i Møyåni i samsvar med konsesjonssøknad for Møyåni kraftverkkommune vil av omsyn til friluftslivinteressene og den samla naturbelastninga i området gå imot at det vert gjeve konsesjon til Møyåni kraftverk.

Med helsing

Målfrid Sivertsen
Sokr.

Vedlegg: Samla sak for utvalet

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 14/912-3661/15

Saksbeh.: Gunnar Bergo

Arkivkode: S11

Saksnr.:	Utval	Møtedato
13/15	Utval for miljø og kultur	05.03.2015
13/15	Kommunestyret	19.03.2015

SAMLA SAK - UTTALE TIL SØKNAD OM SMÅKRAFTVERK MØYÅNI I VOSS

Administrasjonen si innstilling:

Voss kommune vil av omsyn til friluftslivinteressene og den samla naturbelastninga i området gå imot at det vert gjeve konsesjon til Møyåni kraftverk.

Saksordførar til KST;

Utval for miljø og kultur den 05.03.2015 sak 13/15**Behandling i møte:**Repr. L. Klyve kom med slikt framlegg:

“Voss kommune er positive til Nordkraft Vind og Småkraft AS sine utbyggingsplanar for småkraftverk, og vil tilræi utnytting av vasskraftressursane i Møyåni i samsvar med konsesjonssøknad for Møyåni kraftverk.

Røysting:

Administrasjonen si innstilling vart tilrådd med 5 mot 4 røyster for framlegget frå repr. L. Klyve.

Saksordførar: Anne Jorunn Ryum Møen

Tilråding:

Voss kommune vil av omsyn til friluftslivinteressene og den samla naturbelastninga i området gå imot at det vert gjeve konsesjon til Møyåni kraftverk.

Saksordførar til KST; Anne Jorunn Ryum Møen

Kommunestyret den 19.03.2015 sak 13/15**Behandling i møte:**

Repr. Gunnvor Sønnesyn la fram saka på vegne av utval for miljø og kultur.

Repr. L. Klyve kom med slikt framlegg:

“Voss kommune er positive til Nordkraft Vind og Småkraft AS sine utbyggingsplanar for småkraftverk, og vil tilrå ei utnytting av vasskraftressursane i Møyåni i samsvar med konsesjonssøknad for Møyåni kraftverk.”

Røysting:

Framlegget frå repr. L. Klyve vart vedteke med 26 røyster mot 17 røyster for tilrådinga frå utval for miljø og kultur.

Vedtak:

Voss kommune er positive til Nordkraft Vind og Småkraft AS sine utbyggingsplanar for småkraftverk, og vil tilrå ei utnytting av vasskraftressursane i Møyåni i samsvar med konsesjonssøknad for Møyåni kraftverkkommune vil av omsyn til friluftslivinteressene og den samla naturbelastninga i området gå imot at det vert gjeve konsesjon til Møyåni kraftverk.

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

* Brev av 16.12.2014 frå NVE

Konsesjonssøknad for Møyåni kraftverk ligg på ;

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=6550&type=11>


3. SAMANDRAG AV SAKA:

NVE har motteke søknadar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Vaksdal og Voss kommunar. Søknadene skal handsamast samtidig og samla belastning for området skal vurderast. I Voss kommune gjeld det søknad om å bygge Møyåni kraftverk. Kommunen kan no gje uttale til saka.

4. FAKTA OM SAKA:

Bergsdalsvassdraget, som Møyåni er ein del av, har vore nytta til vasskraftproduksjon sidan 1927.

Også Møyåni er tidligere direkte påverka av vasskraftutbygging ved at det blir overført vatn frå Songrøvatnet i sør via nedre Kvålsdalstjørni til Hamlagrøvatnet .Tunnelen kjem ut i sørenden av nedre Kvålsdalstjørni (jf. fig. Under). Overføringen gjer at Møyåni i dag har ei vannføring som er 5-6 gonger større enn før inngrepet.




Kart som viser lokalisering av Møyani.

Kraftverket i Møyani vil nytte eit fall på 182 meter, frå inntaket på 771 moh til kraftstasjonen på 589 moh. Vassvegen vil bli 1750 meter og nedgrave i grøft. Det må byggast 20 meter ny permanent veg til kraftstasjonen. Anleggsvegen langs vassvegen skal gro att etter bruk. Middelvassføringa er 1700 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3300 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW, og vil etter planane produsere opptil 17,0 GWh årleg.



Møyani sett frå motsett side av hamlagrøvatnet. Hodnaberg kraftverk til venstre i bildet.



Kart som viser planlagt inntak ved nedre Kvålsvatn og rørygatetrase ned mot Hamlagrøvatnet.

I konsesjonssøknaden er ei utbygging planlagt i 2 alternativ. Alternativ 1 viser ei full utbygging med ei middelvassføring ved innløpet på 1,7 m³/sek. Dersom den omsøkte overføringa Svartavatnet-Torfinnsvatnet (prosjekt til BKK) blir realisert, blir tilløpet til Møyåni kraftverk redusert til ca. 1,08 m³/s (alt. 2).

Årsmiddelproduksjonen med ei redusert utbygging (alt. 2) blir på 11,0 GWh/år, en reduksjon på 35 % frå omsøkt utbygging (alt. 1). Utbyggingsprisen aukar vesentlig, til 5,02 kr/kWh. Dette prosjektet er derfor i grenseland for hva som er økonomisk å bygge ut.

	Alt.1	Alt.2
Middelvassføring m ³ /s	1,7	1,08
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4) GWh	7,4	4,8
Produksjon, sommer (1/5 – 30/9) GWh	9,6	6,2
Produksjon, årlig middel GWh	17,0	11,0
Byggekostnad mill. kr	66,6	55,3
Utbyggingspris kr /kWh	3,92	5,02

Inntaket i Møyåni er planlagt like nedstrøms utløpet av nedre Kvålsdalstjørni. Det er planlagt ein dam, 4-5 m høg og ca. 15-25 m lang, avhengig av kor mykje massar som må fjernast.

Inntaksbassenget er tenkt regulert ved 0,5 m senkning og 0,5 m heving. Det må byggast ein anleggsveg på totalt 2 km i samband med bygging av anlegget. Møyåni er planlagt tilknytta eksisterande linjenett ved Hodnaberg kraftverk. Kraftverket er planlagt tilknytta med ein 22 kV kabel, langs eksisterende veg som jordkabel.



Ved utløpet til Hamlagråvatnet er Møyani erosjonsikra og elveløpet retta ut.

Begge utbyggingsalternativa kan og realiserast utan regulering av inntaksmagasinet, men då med noko redusert produksjon.

Det er lagt til grunn at det vert sleppt ei minstevannføring, begrensa til tilsiget, på 32 l/s om sommeren og 7 l/s om vinteren, som svarer til 5-persentil for det naturlige feltet til Kvålsdalstjørni.

Kraftverket blir i praksis eit reint elvekraftverk som vil nyttiggjere seg tilsiget til kvar tid. Dette betyr at kraftverket vil køyre for fullt fra snøsmeltinga startar i mai og utover i juli og delvis august, avhengig av snø- og nedbørforhold. På hausten blir det full køyring i perioder med nedbør, men utover i november-desember legg normalt snøen seg og tilsiget er lågt fram til våren.

Planstatus.

I kommuneplanen til Voss er området definert som LNF-område. Vassdraget er ikkje verna men inngår heller ikkje i Samla plan for utbygging av vassdrag.

Fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland viser potensialet for utbygging og gjer ein oversikt over kva verdier som finst i de ulike områda. Møyåni inngår som eit av dei definerte prosjekta i delområde Voss. Konklusjonen i denne planen for delområde Voss er:


Voss delområde har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta

omsyn til villaksen i Vosso, som har status som nasjonalt laksevassdrag. Vosso og sideelva Teigdalselva har og sjøaurebestand av stor verdi. Det er stort potensial for utbygging i sideelvane til Vosso, og også oppstrøms lakseførande strekning kan det vere trong for særlege tiltak ved utbygging. Ein må ta særleg omsyn til friluftsliv der det omfattande stinettet i området går langs vassdrag og elvestrekningar som vert nytta til padling.

Deler av tiltaksområdet i Møyåni ligg innenfor kategorien «sårbarthøyfjell». Sjøve utbyggingsområdet i Møyåni er i planen oppført med “noko verdi for friluftsliv”. Av dei nærliggande områda til Møyåni er Hamlagrøosen oppført som særleg viktig som utfartsområde. Nedbørfeltet til Møyåni grensar inn mot eit friluftsområde (Fykkesund) som i fylkesdelplanen er oppført med stor verdi. Mot vest ligg og friluftsområde som også er klassifisert med stor verdi.

Landskapet langs Møyåni er prega av fleire inngrep i nedre del, ein bilveg langs vatnet som krysser elva, og en skogsbilveg som går parallelt med elva i den nedre delen. Det er bjørkeskog i områdene nærast Hamlagrøvatnet, men oppover mot planlagt inntak er det myr- og heivegetasjon. Landskapet er opent, og ein har utsyn over Hamlagrøvatnet etter kvart som ein kjem opp i terrenget. Kraftverket ved Hodnaberg er godt synlig i det nedre landskapsrommet.

Fjellområda sørvest for Hamlagrøvatnet er i stor grad brukt til friluftsliv, både i form av turgåing sommarstid, skigåing på vinteren og i forbindelse med jakt og fiske. Avstanden frå Voss og frå Bergen er relativt kort, og det er mykje fritidsbebyggelse i Bergsdalen og ved Hamlagrø. Frå Hodnaberg har Turistforeningen ei merka turløype (sommar) som går langs austsida av Møyåni sørover mot Kiellandsbu, som er den nærmeste turistforeningshytta. Møyåni utgjer her eit viktig landskapselement.



Møyåni sett frå stien til Kiellandsbu (foto G.Bergo)



Møyåni sett frå stien til Kiellandsbu (foto G.Bergo)



Ved utløpet av Nedre Kvålsvatn, like over planlagt inntak (foto G.Bergo)

Løypa fortsett vidare sørover mot Fykkesund i Hardangerfjorden og østover til blant annet Vendinghytta.

I Hamlagrøvatnet er det både aure og røyr.

Det er påvist 3 fugleartar i vassdraget som er oppført på raudlista.

Det er ikkje registrert freda kulturminner/miljøer i tiltaksområdet.

Det er beitedyr i området, både småfe og storfe.

Oppsummering av verdi, virkning og konsekvens av en utbygging av Møyåni kraftverk (ifølge konsesjonssøknaden).

Tema	Verdi			Virkning					Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten/ingen	Middels	Stor pos.	
Rødlistearter	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Terrestrisk miljø	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Akvatisk miljø	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Verneplan for vassdrag/ nasjonale laksevassdrag	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	
Landskap	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Middels negativ (-)
Inngrepsfrie natur- områder	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Kulturminner og kulturmiljø	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)
Reindrift	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)
Jord- og skogressurser	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Ferskvannsressurser	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Brukerinteresser	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	Middels negativ (-)

Det er planlagt ei rekke småkraftverk i nærområdet til Møyåni. I «småkraftpakken» for Vaksdal og Voss er det planlagt tre småkraftverk i mindre sidefelt lenger ned i Bergsdalsvassdraget. I Møyåni oppstrøms inntaket planlegg BKK å føre Svartavatnet over til det eksisterende reguleringsmagasinet Torfinnsvatnet. I tillegg er det planlagt fire småkraftverk i Fykkesund mot Hardangerfjorden i sør.

Området er såleis alt prega av kraftutbygging og dersom den planlagde utbygginga skulle bli realisert er den samla belastninga i konsesjonssøknaden vurdert til å vera middels til stor.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Det er søkt om konsesjon om utbygging i 6 ulike prosjekt. Administrasjonen har kun gjort ei vurdering av søknaden som ligg i Voss kommune.

Utbygginga vil føre til redusert vannføring i Møyåni og såleis innebera at opplevelsesverdien av området blir vesentleg redusert. Då dette er eit område som er relativt mykje nytta til friluftsliv vil dette vera ein klart negativ faktor ved ei utbygging. Ein må likevel her leggja til at vassføringa i elva i dag er kunstig høg som følge av tidlegare overføring av vatn frå Songrøvatn.

Dei tekniske inngrepea ved ein utbygging vil bli godt synlige i landskapet. Gradvis vil spora etter røytrase og anleggsveg likevel bli mindre synlig etter som ny vegetasjon veks opp. Dei nedre delene av tiltaksområdet har også alt i dag ein del inngrep i form av veg langs Hamlagrøvatnet og privat veg opp langs den nedre delen av Møyåni. Området framstår derfor heller ikkje i dag som eit urørd område.

Strandsnipe er påvist i vassdraget og kan vera ein hekkefugl langs elvestrengen. I tillegg vil elva vera eit aktuelt hekkeområde for fossekall. Begge desse artane kan bli negativt påverka av ei utbygging som planlagt. For fossekall kan oppsetting av reirkasser vera eit avbøtande tiltak. Bergirisk er observert, men har ikkje direkte tilknytning til vassdraget og vil neppe bli påverka av tiltaket. Konglebit har ingen tilknytning til området og er kun observert som streiffugl.

I Hamlagrøvatnet er det både aure og røyr. Møyåni har truleg liten verdi for desse artane og den planlagde utbygginga vil truleg ha liten el. ingen innverknad.

I anleggsperioden vil det bli det støy og trafikk i området, som kan vera forstyrrande for dyr på beite.

Isolert sett vil truleg skadeverknadane ved ei utbygging av Møyåni vera avgrensa, med unnatak av at opplevingsverdien for friluftsliv vil bli vesentleg redusert. Området er alt prega av kraftutbygging og dersom Møyåni saman med den øvrige planlagde utbygginga i området skulle bli realisert vil den samla naturbelastninga bli stor. Administrasjonen vil derfor etter ei samla vurdering ikkje tirå at det vert gjeve konsesjon for Møyåni kraftverk.

